Til: Fyresdal Kommune v/ Mona Gundersen 29.07.2026

Kopi: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Merknadar til vedtak:
2025/183-89 Delegert vedtak nr. 187/26 dato 08.07.2026
Ny behandling - Vedtak endring av rammeløyve gnbr. 38/133-134

Eg viser til vedtak nr. 187/26 frå 08.07.2026 om endring av rammeløyve for datasenteret på Molandsmoen. Som næraste nabo har eg kommentar til nokre punkt som eg meiner er mangelfulle/uklare.

1: Høgde på bygg i forhold til nærliggande bustader
I Statsforvaltarens vedtak nr. 2026/6324 er det påpeikt at løyve ikkje er tilstrekkeleg opplyst sidan tekniske installasjonar og støyskjermar ligg over maksimal møne/gesimshøgd på 25 meter.
I kommunens vedtak nr. 187/26 er det beskrive at tekniske installasjonar ikkje vil overstige 5 meter over gesimshøgd.

I Asplan Viak sitt Notat KU - Landskap er det ved Alternativ 2, byggehøgde 25 meter, gjort ei evaluering av vårt område ved Snarteland til Sterkt Forringet. Det nevnast at tiltaket er dominerande, med store og høge volum som dannar ein vegg, samt at tiltaket er vesentleg negativt og skjemmer landskapet i stor grad.

Ein kan regne med at støyskjerming visuelt vil virke som ein del av bygningskroppen, og med då ei total høgde på opp mot 30 meter, meiner eg det i endå større grad vil bli vesentleg negativt, og at det ikkje er gjort god nok utgreiing av tiltaket sett ifrå vårt område ved Snarteland.

2: Høgde på støykjelder
I Statsforvaltarens vedtak nr. 2026/6324 opplysast det om at den støyfaglege vurderinga må oppdaterast for å samsvare med tiltaka som nå er godkjent. Rapporten viser til støykjelder plassert 21 meter over terreng, og at i dei nye teikningane er støykjeldene plassert 25 meter over terreng.
I kommunens vedtak står det at bygga kan vere opp mot 25 meter høge, pluss inntil 5 meter for tekniske installasjonar på taket.
I Støyrapport rev.04 utført av Sweco som vart sendt ut saman med vedtaket, er det opplyst at kjølemaskinene fortsatt er montert 21 meter over terreng.
Dette stemmer ikkje overeins med teikningane og heller ikkje med vedtaket til kommunen.

3: Støy i bygge- og anleggsfasen
I reguleringsplan vedteken 19.05.2022 punkt 2.4 står det at Tabell 4 i T-1442/2021 skal leggjast til grunn for støy i anleggsfasen.
Statsforvaltarens vedtak nr. 2026/6324 seier at kommunen bør presisere i ei eiga planføresegn om kva slags grenseverdiar som gjeld for arealføremålsområdet KBA_1 og oppføring av datahallar.
I Støyrapporten ifrå Sweco rev. 04 punkt 3.3.4 står det at støy ifrå bygge- og anleggsfasen ikkje er vurdera i rapporten.
I Miljødirektoratet sin veiledar M2061 står det i punkt 6.2.2 at ved store prosjekt som skal føregå over fleire år, samt ved særleg støyande arbeid (peling), skal støy i bygge- og anleggsfasen vere omtala i reguleringsplanen. Det skal også vere ein bestemmelse som set krav om ein plan for håndtering av støy i bygge- og anleggsfasen før det gjes igangsettelsestillating.
Etter mi meining manglar denne planen både ovanfor Statsforvaltarens vedtak, og også ovanfor oss som dei næraste naboar. Ifylgje MD sin veiledar skal ulempene minimerast for naboskapet, noko som ikkje har blitt gjort.

Eg har tidlegare kontakta tiltakshavar på Molandsmoen for å få ein oversikt over støymålingar utan å få noko tilbakemelding.

Eg har også tidlegare vore i kontakt med kommunen om dei plagene vi som næraste naboar opplev og har opplevd sidan oppstart av grunnarbeidet i februar. Dette gjeld støy og særleg vibrasjoner frå anleggsarbeid og peling som har ført til store ulemper for oss.

Med venleg helsing
Jostein Nedrebø
Birtedalsvegen 105
Tlf: 95452381